

Møte i Gulen kommunestyre 25.06.09

SAKLISTE

- 25/09 SKRIV OG MELDINGAR
- 26/09 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2008 FOR GULEN KOMMUNE
- 27/09 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2008 FOR KRAFTFONDET
- 28/09 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2008 FOR NÆRINGSFONDET
- 29/09 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2008 FOR GULEN KOMMUNE
- 30/09 REVIDERT BUDSJETT 2009/ØKONOMIPLAN 2009-2012
- 31/09 REGULERING AV DRIFTSBUDSJETTET NR 1/09 - YMSE TENESTER
- 32/09 FØRINGAR FOR ARBEIDET MED BUDSJETT 2010/ØKONOMIPLAN 2010-2013
- 33/09 KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - REVISJON FOR PERIODEN 2009-2012
- 34/09 FIRDA SJØFARMER AS - ENDRING AV LOKALITET PÅ SKORPA
- 35/09 INTERKOMMUNALT LEGEVAKTSAMARBEID
- 36/09 YTRE OPPEDAL KRAFTVERK - SØKNAD OM BRUK AV KOMMUNAL VEG
- 37/09 FELLES LANDBRUKSKONTOR I NORDHORDLAND

Stad og tid: Oppmøtestad på Sløvåg kl. 11.00. Møtet held fram på Eidsbotn grendahus.


Nye saker kan kome til. Møtet er ope for publikum.

Alle er velkomne. Utlekking av sakspapir og kunngjering av møtetid og -stad på:

www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet.

Sakstilfanget ligg elles til gjennomsyn i ekspedisjonen på kommunehuset i Eivindvik.

Trude Brosvik
Ordfører



VAL 2009

Stortings- og sametingsvalet 14. september

Står du i manntalet?

Du må vere oppført i manntalet for å kunne røyste ved stortingsvalet måndag 14. september 2009. Manntalslista for heile Gulen kommune vert lagt ut rundt 25. juni i ekspedisjonen i kommunehuset, Eivindvik, slik at du kan kontrollere at du står der ved å møte opp sjølv

eller å ringje til ekspedisjonen, tlf. 57 78 20 00.

Lista vert liggjande ute fram til valdagen.

Om namnet ditt ikkje står i manntalslista som er lagt ut, eller om det er andre feil, kan du klage skriftleg til Gulen valstyre, 5966 Eivindvik.

Tidlegrøysting og førehandsrøysting

Nytt ved valet i år er at det er råd å *tidlegrøyste* frå 1. juli til 9. august. Dette kan vere aktuelt t.d. om ein skal på eit langt opphald til utlandet før førehandsrøystinga startar. Ta kontakt med ekspedisjonen i kommunehuset, tlf. 57 78 20 00, for å avtale tidspunkt.

Førehandsrøysting er mogleg i ekspedisjonen på kommunehuset i Eivindvik frå 10. august. I tillegg vert det førehandsrøysting FOR ALLE INTERESSERTE på bu- og omsorgssentra ein dag før valet. Nærare kunngjering kjem på www.gulen.kommune.no.

Trude Brosvik
Valstyret, leiar



Gulen helsestasjon tar ferie

Helsestasjonen har stengt grunna felles ferie i veke 29 (13. – 19.07.09).

Utanom dette vil der alltid vere ein person på jobb. Dersom det ikkje er svar på fasttelefonen, ring jobbmobil!

Tlf. Hennie Lefdal 97 97 57 60
Wenche Midtun 99 20 27 20

Til opplysning

Helsestasjonane står ikkje oppførte i den nye Lions-katalogen.

Helsestasjonane i Gulen:

Eivindvik: Hennie 57 78 38 30 / 97 97 57 60
Wenche 57 78 38 08 / 99 20 27 20
Brekke: 57 78 54 47
Byrknes: 57 78 21 25

Barneverntjenester

Her på barnevernsavdelinga arbeider vi mykje utenfor kontoret. Vi treffast best på telefon mellom kl. 09.00 – 16.00.

Tlf. Jane Hesjedal 99 79 21 09
Silje Oppedal 94 81 96 97

God sumar!



For 21. gong!

Fiskefestival på Byrknesøy laurdag

27. juni

Fiskekonkurranse

kl. 11.30- 14.30.

Flotte premiar!

Aktivitetar på kaien

til laksepakkeriet

Martin E. Birknes

Eftf.:

Kafè, lotteri, konkurransar, stands, musikk og underholdning.

Gulen og Solund sjøredningskorps kjem med Elias.

Scenario spelar til dans i samfunnshuset kl.

22.00-02.00, leg. plikt.

Velkomen til eit sosialt arrangement!

Arr: U.L. Havgula



Vårteljing av hjort

Vårteljing av hjort 2009 vart føreteke på 3 teljedatoar, omlag som tidlegare år. Samanliknar ein med gjennomsnitt for vårteljinga dei 9 førre åra, kan ein i år sjå ein auke av talde dyr i indre deler av Gulen.

Avskytinga vart i 2008 auka med 100% på Indre og Ytre Oppedal, men dette ser ikkje ut til å ha redusert bestanden noko enno.



DETTE SKJER I KYRKJA

21. juni kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

28. juni kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

5. juli:

ikkje gudsteneste

12. juli kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

12. juli kl. 15.00:

Gudsteneste på Tønnefloftet i Dingja

19. juli kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

26. juli kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

2. august kl. 13.00:

Utegudsteneste ved kongestatuen på Skjerjehamn

9. august kl. 11.00:

NRK P1: Gudsteneste frå Gulen kyrkje (opptak 7. juni)

9. august kl. 19.30:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

16. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

23. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

30. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

3. september (torsdag) kl. 20.00:

Generalprøve i Gulen kyrkje til radiogudstenester

6. september kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje (direkte overføring i NRK P1)

13. september kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje med presentasjon av dei nye konfirmantane.

